Sunnfjord kommune

# Møtereferat

## Prosjektgruppe for politisk organisering

| **Møtedato:** | **14.05.2018** | **Møtestad:** | Møterom Haukedalen |
|---|---|---|---|

| **Møtt** | **Ikkje møtt** |
|---|---|
| Gunn Merete Paulsen<br>Kari Iren Birkeland<br>Åsmund Berthelsen<br>Kari Valle<br>Oddmund Klakegg<br>Olve Grotle<br>Ole John Østenstad<br>Malin Moldestad | Norunn Lunde Furnes<br>Mathias Råheim<br>Håkon Myrvang |

| **Møteleiar**: | **Åsmund Berthelsen** | **Møtereferent**: | **Malin Moldestad** |
|---|---|---|---|

| Sak nr. | Sakstittel, omtale og konklusjon | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| 1 | **Godkjenning av referat frå møte 23.04.18**<br>• Gjennomgått og godkjent | | |
| 2 | **Tilbakemelding frå møte 09.05.18 med prosjektgruppa som arbeider med «framtidas lokaldemokrati» v/Åsmund Berthelsen**<br>• Åsmund Berthelsen og Ole John Østenstad har hatt møte med Reidun Støfring og Øystein Høyvik<br>• Kort orientering om status og vidare oppfølging av tettstadutviklingsprosjektet<br>• Det vart avklart at prosjektgruppa arbeider vidare med modell for områdeutval/tettstadutval og at dette ikkje skal vere kommunedelutval som fylgjer eksisterande kommunegrenser. Det er også aktuelt å ha kontakt med prosjektgruppa ”framtidas lokaldemokrati” når vi skal drøfte politiske arbeidsmåtar. | | |
| 3 | **Behandling av plansaker**<br>• Eige utval for handsaming av plansaker (etter pbl.) er ikkje lovpålagt, formannskapet kan handsame plansaker | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | • Konklusjon: prosjektgruppa tilrår at plansaker (etter pbl.) vert delegert til formannskapet<br>• Delegering mellom formannskapet og utvala bør presiserast i saksframlegget<br>  o Kommuneplanen vert handsama i formannskapet, men andre fagplanar bør handsamast i fagutvala. | | |
| 4 | **Gjennomgang av notat med konklusjonar så langt**<br>• Ole John Østenstad går gjennom oppsummeringa av prosjektgruppa sitt framlegg til politisk hovudstruktur<br>  o Nytt punkt om kommunedelsutval<br>  o Nytt punkt om evaluering av hovudstukturen<br>• Komite eller utval?<br>  o Konklusjon: Prosjektgruppa tilrår utvalsmodellen<br>    ▪ Utvala skal ha innstillingsrett direkte til kommunestyret. Saker som har økonomiske konsekvensar og som ikkje er handsama i budsjett/økonomiplan bør alltid handsamast av formannskapet.<br>• Storleik på kontrollutvalet<br>  o Konklusjon: minst 5 medlemmar, minst eit medlem frå kommunestyret<br>• Storleik på administrasjonsutvalet<br>  o Minst 5 medlem oppnemnt av kommunestyret og 2 tillitsvalde<br>• Tilråding om handsaming av plansaker i formannskapet må grunngjevast godt i notatet<br>• Prosjektgruppa godkjende notatet og oppsummering med endringar/tillegg som er nemnt over. | OJØ | |
| 5 | **Gjennomgang av styre, råd og utval i dei fire kommunane**<br>• Ole John Østenstad går gjennom Førde kommune si oversikt<br>  o Har ikkje fått oversikt frå dei andre kommunane endå, Malin Moldestad følgjer opp. | | |
| 6 | **Gjennomgang møteplan**<br>• Malin Moldestad lager eit framlegg til møteplan for hausten<br>• Presisering av milepelplanen, handsaming i fellesnemnda:<br>  o Framlegg til reglement for godtgjersle 17.10.18<br>  o Framlegg til politisk delegeringsreglement 14.11.18<br>  o Framlegg til reglement for utval og ordførar 12.12.18 | | |
| 7 | **Eventuelt**<br>• Ingen saker | | |

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*